

SAK: Innspel for samkøyring med løypemaskin IL Rein og Haukeli snoskuterklubb

Bakgrunn

Det har i seinare tid kome inn fleire søknader på investeringstilskot for løypemaskiner i Vinje kommune. Det blei slutten av april 2025 gjennomført eit møte mellom involvera klubbar og Vinje kommune. Det er eit ynskje at ein tenker samarbeid og utnytting av dei løypemaskin ressursane me har i Vinje. Ein av konklusjonane var at idrettslag/aktørar i trakking av skiløyper og snoskuterklubbar sette seg ned og gjorde ei vurdering av slikt samarbeid. Skuterklubben trakk i dag med eldre og smal trakkemaskin og all trakking skjer på dugnad innan klubben og ved behov, maskina er finansiera av klubben sjølv. Idrettslaget har i dag ei større løypemaskin men vurderer ei mindre løypemaskin grunna kostnad på ny maskin. Maskina er lokalisera på Sundflaten/Edland og blir på seinvinteren flytta til Vågslid for å trække Haukelirennløype. All trakking i regi av idrettslaget skjer også på dugnad. Maskin til idrettslaget er også eigd av klubben og fullt finansiert med eigenkapital og banklån.

Drøfting

Haukeli snoskuterklubb har etablert løyper på fylgjande stader Haukeliheie, Krossli, Gravdalen og Songavegen.. IL Rein har skiløyper rundt etablert område på Sundflaten sørvest av Edland, løypene blir trakka av ei brei og stor maskin og ei eventuell ny løypemaskin til langrenn vil som minimum ha ei bredde på ca. 4 m for å kunne legge både klassisk og skøytetrase. Skuterløypa som er nærast IL Rein sitt anlegg er Krossli, dette er ei bratt og tidvis vanskeleg løype og ikkje mogleg å køyre med ei løypemaskin som også skal trakke langrennsspor. Av dei andre skuterløypene på Haukeliheie, Gravdalen og Songavegen så er det berre Songavegen som kunne vore aktuell for køyring med ei løypemaskin. For trakking av her må maskina flyttast med maskintralle og det må søkjast dispensasjon for frakt for kvar flytting, dette er kostbart og tungvindt.

Eit anna moment som må takast me er at ei løypemaskin berekna på godt opparbeida flater som er klårgjort for skiløyper. Skuterløypene er ikkje opparbeida slik at tre, stubbar og steinar ofte er til stades i løypetrasé.

Konklusjon

Skuterklubben og idrettslaget er positive at kommunen tenkjer på moglege samarbeid på utstyr som dei forskjellige klubbane disponerer og meiner det er bra med slike idear som blir satt fram. Me meiner at i slik løyper og infrastruktur er etablera pr i dag vil dette skape for store kostnader og utfordringar for begge sider. Det eine er kostand og logistikk med flytting, det andre er at alt arbeid me gjer er dugnadsarbeid på fritid og då må unngå meir arbeid enn det me har pr i dag samt at mykje av løypene til skuterklubben er mindre opparbeidd enn det langrennsløypene er. Difor blir konklusjonen frå klubbane i Edland/Haukeli at eit slik samkøyring ikkje er mogleg slik det er pr i dag.

Med beste helsing

På vegne av styret i IL Rein og Haukeli skuterklubb

Knut Rosenkar Garnes

Leiar IL Rein

Ånund Vaa

Leiar Haukeli snoskuterklubb